



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Simen Einebærholm
Vetridsallmenningen 5
5014 Bergen

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/9260

Arkiv:

2/126, L42

Vår dato:

13.08.2026

Saksnr.	Utval
228/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
202/26	Kommunestyret

2/126 - Tillatelse til tiltak - Endring av bygg

Tiltak: Endring av bygg
Byggjestad: Gbnr: 2/126
Tiltakshavar: Simen Einebærholm
Vetridsallmenningen 5
5014 Bergen

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven § 20-4, jf. § 20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak, endring av bygg etter tidlegare gitt løyve for fritidsbustad på gnr. 2, bnr. 126, Grønolslie 57, i samband med søknad og vedlegg.

Saksopplysningar

Tiltakshavar sendet inn søknad om endringsmelding på fritidsbustaden på gnr. 2, bnr. 126, Grønolslie 57 i Beito.

Tiltakshavar skriv i søknaden:

Vi har avdekket et avvik mellom godkjente tegninger og faktisk utførelse på fritidsbolig oppført i2019. Avviket gjelder takvinkel og mønehøyde, ved en intern feil, har takstoler/sperrer blitt produsert på 30 grader og ikke 27 grader som tegnet. Utført løsning er imidlertid innenfor gjeldende reguleringsbestemmelser, og har nå stått i mange år.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar.

Vurdering

Tiltaket er å betrakte som ettermelding av avvik frå tidelgare gitt løyve.

Fritidsbustaden har byggeløyve gitt i sak 18/2254, datert: 02.10.2018 og bygget har fått ferdigattest datert: 12.04.2019.

Eigedomen har arealføremål fritid og er styrt av føringane i reguleringsplanen for området, Reguleringsplan for Grønolslie, B.60.

Endringa er at takstolane har ein faktisk takvinkel på 30°, kontra 27° som beskriven i opphøveleg byggeløyve. Dette utgjør ein høgdeforskjell på om lag 27cm for mønehøgda. Tiltak er sjølv med høgare mønehøgde godt innafor føringane i reguleringsplan og det er ikkje komen merknadar i nabovarslinga om denne endringa. Takvinkelen på 30° er og innanfor føringane i planen.

Vi ser derfor ikkje at desse endringane ikkje skulle vorte godkjent om dei hadde vore grunnlag i den opphøvelege søknaden.

Saka blir dermed vurdert som endring av løyve/tiltak som er gjeve, men som ikkje er så store at det krev ny byggesaksbehandling.

Endringa i takvinkel og høgde fører til betre innvendig høgde på loftet, noko som fører til at deler at loftet no får høgde som dermed blir rekna som telande bruksareal. Vi har basert på teikningsunderlaget berekna dette til å vere på 17,3m² tillagt bruksareal. Dette blir lagt til som grunnlag for utvida tilkoplingsavgift som kjem i tillegg til saksbehandlingsgebyret. Dette arealet blir dertil oppdatert i matrikkelen.

Det er elles ingen ting ved endringa som gjer utslag på eigedomen i forhold til bebygd areal.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 07.08.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om

framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.